



Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Edvard Høgestøl, 5557 2045

## 22. juli-markering i Vestland

Den 22. juli 2021 er det ti år sidan Noreg vart ramma av ei terrorhandling.

22. juli 2011 er ein dag som vi aldri vil gløyma og som sette varige spor i landet vårt. I Oslo og ved Utøya vert det lagt opp til ei rekke markeringar både denne dagen og andre dagar rundt 22. juli.

Det er etablert ein eigen komité som koordinerer markeringane, og mange aktørar er med i arbeidet. Støttegruppa, AUF, Arbeidarpartiet, Utanriksdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og ein del andre er representerte i komiteen. Statsforvaltarane er òg representerte.

Mange kommunar har markert denne dagen kvart år sidan 2011 med ulike arrangement, gjerne i tilknytning til minnesmerke som er satt opp i kommunen.

Vi oppfordrar alle kommunar som mista ein eller fleire av innbyggjarane sine under terrorhandlinga, til å ha ei tiårsmarkering 22. juli 2021. Dersom andre kommunar òg vil markera dagen, er det sjølvsagt også bra.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fungerande statsforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*